



RETNINGSLINJER FOR MOTORFERDSEL I UTMARK I SURNADAL KOMMUNE

Vedtatt av kommunestyret 08.11.2018

Generelt

- Så langt som råd skal det ikkje bli gitt løyve til kjøring på bar mark.
- Kopi av innvilga løyve skal sendast grunneigarlag/utmarkslag i området som løyvet gjeld og til Surnadal og Rindal lensmannskontor.
- All køyring skal skje etter kortaste og mest naturlege rute.
- Desse retningslinene, og løyve som blir gjevne i medhald av desse, skal berre vere gjeldande fram til nye retningsliner blir vedtekne hausten 2022. Alle løyve følgjer tidsintervallet til dei gjeldande retningslinene.

AVGJERDER ETTER §6 I MOTORFERDSELLOVA

Løyve til bruk av luftfartøy kan berre bli gitt for eit bestemt antall turar innafor eit avgrensa tidsrom. Om muleg bør det ikkje bli gitt løyve til bruk av luftfartøy i perioden mellom kl.12.00 lørdag og kl.16.00 søndag. Kommunen skal på førehand ha melding om tidspunkt for utføring av transporten.

AVGJERDER ETTER §5 I NASJONAL FORSKRIFT FOR BRUK AV MOTORKJØRETØYER I UTMARK OG PÅ ISLAGTE VASSDRAG

§5a. Ervervsmessig transport med snøskuter (leigekjøring)

Kommunen er delt inn i desse sonene med angitt antal løyve:

Nr.	Område	Antall
1	Todalen	1
2	Strengen/Syltnebb/Kvenndalen/Østbødalen	1
3	Stangvik	1
4	Vindøldalen	4
5	Folldalen	1
6	Østre Nordmarka	2
7	Vestre Nordmarka	2
8	Bæverdalen	2
9	Bæverfjord/Åsskard/Sollislett/Bøfjorden	1

Personar med slikt løyve får kjøre nødvendig antall turar pr. vintersesong.

§5b. Transport av funksjonshemma

Det kan innvilgast 10 tur-retur mellom bilveg og hytte pr. vintersesong ved varig funksjonshemming. Legeattast må framleggast.



§5c. Hytteeigarar med hytte meir enn 2,5 km frå vinterbrøyta veg

Personar med slikt løyve får kjøre 8 tur/retur mellom bilveg og hytte pr. vintersesong.

§5d. Kjøring i utmarksnæring for fastbuande (utanom jord- og skogbrukssamanheng)

Det kan innvilgast nødvendig antal turar pr. vintersesong.

§5e. Transport av ved utover det som er direkte heimla i forskrifta §3g

Det kan bli gitt løyve for inntil 3 kjøredagar pr. vintersesong.

Personar som har løyve etter §5c for kjøring til hytte skal kombinere denne kjøringa med vedkjøring med heimel i §5e.

Avgjerd etter nasjonal forskrift §6 (løyve til kjøring utover §§ 2-5)

Antall turar som innvilgast vil variere avhengig av formålet.

Tidsavgrensingar

Kjøring med heimel i §5b - f i nasjonal forskrift er forbode i desse tidsromma:

- laurdag kl. 16.00 - søndag kl. 14.00
- skjærtorsdag kl. 14.00 - påskeaften kl. 07.00
- påskeaften kl. 16.00 - 2. påskedag kl. 14.00

Kjøring med heimel i §5 a-f i nasjonal forskrift er forbode på natt heile veka mellom kl. 22.00 og 07.00.

Kjøring med heimel i §5 a-f i nasjonal forskrift er forbode i jula mellom julaften kl. 16.00 og 2. juledag kl. 14.00.

Kjøring etter §5 a-f i nasjonal forskrift er forbode i nyttårshelga mellom nyttårsaften kl. 16.00 og 1. nyttårsdag kl. 14.00.

Vedkjøring etter §5e kan finne stad alle dagar unnateke søndag.

Kjøring etter §5b - f i nasjonal forskrift er lov fram t.o.m. 20. april, eller 2. påskedag når 20. april kjem før påske.

Løyve til ervervsmessing kjøring med heimel i §5a kan nyttast fram t.o.m. 5. mai.

Løyve gjevne i medhald av §6 i nasjonal forskrift gjeld normalt for berre 1 år om gongen. I særlege tilfelle, som ved kjøring i næringssamanheng, kan det bli gjeve løyve for inntil 3 år om gongen.

Bestemmelsar om preparering av skiløyper

Preparering av skiløyper og skibakkar i tråd med § 3e i nasjonal forskrift skal ikkje finne stad etter 20. april. Så langt som råd skal det ikkje preparerast skiløyper i område som er av regional eller høgare verdi for viltet.



Dokumentasjon

Det blir gjeve ut eitt løyve for heile perioden løyvet skal gjelde. Kjørebevis / rapportskjema skal førast for kvart år løyvet gjeld. I tillegg til den som har løyve kan det førast to namn på kjørebeviset. Kjørebeviset skal alltid bringast med. Kjørebevis kan ikkje erstattast eller kopierast.

Fullmakter

Ved avgjerd etter motorferdsellova sin §6: Avgjerdsmynde blir lagt til rådmannen.

Ved avgjerd etter §5 i nasjonal forskrift: Rådmannen har avgjerdsmynde i alle saker.

I og i tilknytning til Trollheimen landskapsvernområde: Rådmannen har fullmakt til å gjere vedtak om løyve i samsvar med dispensasjon gjeve av forvaltninga av verneområdet, og gje samtykke til at forvaltninga etter avtale fører på vedtaket i sin dispensasjon. Vedtak i slike saker kan også gjelde for ei strekning utafor verneområdet.